



Bresvika Byggefelt AS
c/o Jan Roger Iversen Kletten 3
5382 SKOGSVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4284 - 21/48911

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
07.07.2021

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging tvangsmulkt - gbnr. 428/4 Kvalheim

Tiltak: Utbetring avløpsledning
Byggjestad: Gbnr. 428/4 Kvalheim nedre
Tiltakshavar: Bresvika byggefelt AS

Viser til vårt brev av 18.05.2021 der vi opplyser om at vi er gjort kjent med at det ligg ein kloakkledning i Bressvika og flyt i vannoverflata, godt synleg for almenneheita. Frist for tilbakemelding om retting var satt til **09.06.2021**.

Det er opplyst at avløpsledningen høyrer til eigedommen med gårds – og bruks nr. 428/4, Kvalheim nedre. I følgje eigedomsregisteret står de som grunneigar av denne eigedommen. Brevet blir difor sendt til dykk.

Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding frå dykk innan fristen om at utbetring er blitt utført.

Avløpsledning som ligg i sjø og flyt opp i vannlinja representerer ein fare for forureining og fare for allmenn ferdsel i sjø. Avviket er ikkje i samsvar med løyvet gitt av Bergen og Omland Havnevesen av 22.04.2003.

Kommunen varslar med dette at vi vil påleggje dykk som grunneigar å rette opp avviket på avløpsledningen slik at den tilfredsstillar krav til forankring gitt i løyvet datert 22.04.2003.

I dette brevet finn de informasjon om kva de kan gjere for å unngå pålegg.

Kommunens oppgåve og mynde

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureinings situasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 7 fjerde ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har ansvar for det ulovlege tilhøve, som er i strid med § 7 første ledd.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt

Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at «*ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forureining*» uten at det er gitt løyve».

I medhald av forurensningslova § 7 andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureinga, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den. Med bakgrunn i nemnde tilhøvet, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøvet i lovlege formar.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når utbetringa er utført.

Varsel om pålegg om retting og tvangsmulkt

Med heimel i forureiningslova § 7, blir de no varsla om at tiltaket må bli retta **innan 08.08.2021** og dokumentasjon på dette må sendast inn innan same fristen. Utbetring må skje ved at ledningen vert forankra i henhold til brev frå Bergen og Omland Havnevesen av 22.04.2003 med vilkår for løyve av legging av avløpsledning på sjøbunnen, sjå vedlegg.

Med heimel i forureininglova § 73 varslar Alver kommune om at vi vil ilegge tvangsmulkt dersom avløpsledningen ikkje er utbeta **innan 08.08.2021**.

Frist

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 08.08.2021**.

De har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at de meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet.

Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Dersom vi ikkje har mottatt opplysningar som inneber at avløpssituasjonen tilfredsstillar krav satt i løyvet innan 3 veker vil vi fatte vedtak om pålegg og tvangsmulkt med same frist som i dette brevet.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller de kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forurensningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forurensningslova § 73.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensningslova §§ 78 og 79.

Ved all vidare kontakt i saka, ver vennleg og referer til **sak nr: 21/4284**.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og filsyn

Madeleine Fønnes Aase
Fungerande avdelingsleiar

Astrid Riise
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad

Mottakarar:

Bresvika Byggefelt AS

c/o Jan Roger Iversen
Kletten 3

5382

SKOGSVÅG